



BEREKRAFTSRAPPOR

T 2021



Anne Mette Hjelle AS

- Kontoradresse: Peak Sunnfjord, Hafstadvegen 23, 6800 Førde
- Forretningsadresse: Middagsteigen 8, 6810 Førde
- Org.nr. 925 928 216 - stifta 21.10.2020
- Formål: Bedriftsrådgjeving og konsulenttenester
- Aksjeselskap, ein eigar (Anne Mette Hjelle)
- Styreleiar/dagleg leiar er Anne Mette Hjelle (foto). Dag Solheim er vara i styret.
- Selskapet er registrert i foretaksregisteret, mva. registeret og arbeidsgjevarregisteret

Trass i at Anne Mette Hjelle AS er eit lite og nystarta selskap med berre ein tilsett, påverkar det folk rundt meg og omgjevnadene. Det er viktig også for små verksemder å vere opne om korleis ein påverkar miljø og klima, sosiale forhold og økonomi/drift (ESG). Slik blir vi ein del av innsatsen for å sikre vår felles framtid.

Dette dokumentet seier noko om kva som kjenneteiknar mitt selskap, og korleis det påverkar økonomi, menneske, klima og miljø. Den fortel kva risikoar og moglegheiter vi ser opp mot berekraftsmål. Her kan du lese kva dei er, og kva vi har prioritert.

Kva er poenget med selskapet?

Selskapet har som mål å jobbe for/med verksemder som gjer noko positivt for folk og samfunn i eit lengre perspektiv. Målet er forankra i strategien.

Selskapet bidrar til FN sine 17 bærekraftsmål, men desse er mest relevante:

- Nr. 8 *Anstendig arbeid og økonomisk vekst*
- Nr. 12 *Ansvarleg forbruk og produksjon*
- Nr. 17 *Samarbeid*

Som eigar av firmaet, strategisk rådgjevar og styremedlem i fleire selskap, kan eg påverke mange av måla positivt, både på kort og lang sikt. I rolla som rådgjevar, prosjektmedarbeidar, investor og styremedlem, har eg mandat til å etterspørje, bidra med kunnskap og legge vekt på ansvar for berekraft blant mine kundar og i dei selskapa eg har styreverv i.

I oppstartsåret 2021 var eg både eigar, styreleiar og tilsett i eige selskap som dagleg leiar.

Interessentar og utgifter

Dei fem største kundane:

1. IT-Forum Vest
2. Lotteri- og stiftelsestilsynet
3. Stiftinga Musea i Sogn og Fjordane
4. Sunnfjord kommune
5. Sogn og Fjordane Energiverk

Dei fem største leverandørane:

1. Fjordvekst AS (kontorleige)
2. Nordea Liv AS (pensjon)
3. Komplett AS (datautstyr)
4. The Governance Group (kompetanse)
5. Foreningsdrift AS (kompetanse)

Styremedlem i andre selskap

1. Sunnfjord Miljøverk IKS
2. Dag og Tid AS
3. Nok. Norge
4. Peak Venture AS
5. Fjordvekst Holding AS
6. Fjordvekst AS

Dei fem største utgiftspostane:

1. Lønn til tilsett 653'
2. Feriepengar 78,3
3. Arbeidsgjevaravgift 72,1
4. Leige av kontorlokale 66,8
5. Programvare 46,5

Investeringar

1. Peak Venture AS (tilsvarande 0,56%)

Dette gjer vi

Dei 17 berekraftsmåla, med 169 delmål, blei vedteke på FN si generalforsamling i 2015, med tilslutning frå alle medlemslanda. Dei omfattar alle land og berører alle delar av samfunnet. Tilsaman gir dei ei felles global retning for land, næringsliv og sivilsamfunn. Noreg treng hjelp frå alle partar, også næringslivet.

Berekraftig utvikling innan 2030 går langs tre dimensjonar: økonomisk, sosialt og miljømessig, derav forkortinga ESG (Environment, Social and Governance). Dette er status for 2021:

Miljø og klima (E)

Selskapet har berre ein tilsett og driv med tenesteytande næring (konsulent- og rådgjevingstenester) i leid kontorlokale i kontorfellesskapet Peak Sunnfjord. Her er risikoen for direkte negativ påverknad vurdert å vere låg.

- **Scope 1:** Selskapet har ikkje eigne køyretøy og forbrukar verken olje eller gass.
- **Scope 2:** Indirekte utslepp i form av elektrisitet er styrt av huseigar, men selskapet leiger ca. 25 kvm, inkl. fellesareal. Dette er ikkje ein vesentleg storleik og selskapet deler i tillegg kontor med andre. Vi styrer ikkje innkjøp og overordna justering av temperatur, anna enn at vi slår av lys og regulerer ovn etter temperatur. Det er automatisk lysregulering i fellesareal. Vi har ikkje klart å få tilgjengeleg data for det totale forbruket av straum og vatn i kontorfellesskapet. Selskapets datalagring skjer primert i Google Disk. 24,9 GB av 130 GB brukt.
- **Scope 3** er den mest relevante for selskapet, men først og fremst nedstrøms (bruk av tenester og investeringar). Selskapet har i 2021 justert forretningsmodellen, slik at den meir konkret motiverer kundar til å jobbe systematisk med berekraftsmål og rapportere/kommunisere ansvar. Det var to flyreiser i 2021 - 1 tur/retur Førde-Oslo og 1 til Oslo med retur via Bergen. Korona-epidemi avgrensa reiseaktiviteten. Vi har ikkje data over den totale mengda avfall, men vi sorterer.

Sosiale forhold og samfunnsansvar (S)

Tillit er ein viktig faktor skal selskapet ha ei framtid. Samfunnsansvar er vesentleg:

- Selskapet har arbeidskontrakt, pensjonsordning og legg vekt på opplæring og relevant etterutdanning.
- Hjelle var i 2021 medlem av Norsk kommunikasjonsforening og Styreforeningen.
- Hjelle deltok på kompetansekurser i prosjektmetodikk (Prince2 Agil Foundation) og berekraftsrapportering i regi av People Cert, The Governance Group, Det Norske Veritas, Styreforeningen (Foreningsdrift AS) og Videocation kompetanse.
- Lokal verdiskaping er prioritert. Selskapet eigde per 31.12.21 667 aksjar (tilsvarande 0,56%) i investeringsfondet og -nettverket, Peak Venture. Det igjen eigde aksjar i Eduplaytion, Norse Feedback, Evoy, Moovin og Rocketfarm. Hjelle er også med i Peak Venture gjennom det familieeigde Fjordvekst AS, som eig 5,62%. Hjelle er med i styret for Peak Venture.
- Vi kjøper inn varer og tenester mest mogleg lokalt.
- Hjelle bidrar inn som styremedlem i Dag og Tid AS, stiftinga NOK., Fjordvekst Holding AS, Fjordvekst AS, Anne Mette Hjelle AS, Sunnfjord Miljøverk IKS. Les meir på brreg.no

Økonomi og drift (G)

- Selskapet tek omsyn til samfunnsansvar i strategien og er i dialog med interessentgrupper.
- Selskapet starta i 2021 å utvikle nye tenester. Auka forventningar og nye krav til berekraftsrapportering og -kommunikasjon er ein forretningsmoglegheit.
- Selskapet har eit overskot første året (2021) på NOK 54 748. Timeføring, fakturering og rekneskap blir ført i Fiken. Bankavstemming skjer regelmessig. Resultat og balanse blir vurdert regelmessig av vara i styret.
- Selskapet brukar TeamGantt som prosjektverktøy og Google Workplace. Office 365 blir brukt ved behov og i møte med kundar som foretrekker det.
- Vi brukar totrinns-autentisering i dei fleste program og tilsett har gjennomgått it-sikkerheitskurs.
- Selskapet legg vekt på openheit og deler med offentlegheita både i eigne flater og i andres.
- Det er ikkje relevant for eit eineeid selskap å ha valkomite, godtgjering til styret, aksjonæravtale m.m.

Relevante tema og mål

Basert på vurdering av risiko og moglegheiter, bransjekunnskap og dialog med interesserantar, er desse tema vurdert å vere dei mest relevante:

- Samarbeid med andre for å nå mål. Peikar mot nr. 17 – samarbeid.
- Stimulere selskap til å innføre berekraftige arbeidsmetodar og integrere informasjon om berekraft i sine rapporteringsrutinar. Peikar mot nr. 12.6 – ansvarleg forbruk og produksjon.
- God kvalitet og kundehandtering: Tillit og kompetanse, klare avtalar, god kommunikasjon, effektive system, verdiar. Peikar mot nr. 8 – anstendig arbeid og økonomisk vekst.

Her er våre eigne mål og løfter for 2022. Desse blir revidert årleg.

Mål 1:

Selskapet lovar å samarbeide med gode krefter for å nå berekraftsmåla.



- Vi etterspør berekraftige løysingar og produkt frå kundar og underleverandørar.
- Vi vil særleg jobbe med dei som tek eit ekstra samfunnsansvar.
- Selskapet skal bidra til at kundar og andre interesserantar set berekraft på dagsorden.
- Vi forpliktar oss til Grønnvaskingsplakaten, er medlem av GRI (Global Reporting Initiativ) og NHO Abelia, og vurderer medlemsskap i UN Global Compact og Klimapartnere Vestland.

Mål 2:



Selskapet lovar å jobbe for meir ansvarleg forbruk.

- Vi skal jobbe for auka gjenbruk og kjeldesortering – både internt i kontorfellesskapet og med våre kundar og leverandørar.
- Kurs og workshops skal gje kunnskap om berekraftsmål på ein engasjerande og positiv måte. Vi skal ha ein tilfredsheitsscore som i snitt er god eller svært god.
- Kurs og workshops skal resultere i berekraftsrapportar som egnar seg til å dele på eiga nettside og i andre offentlege kanalar. I 2022 skal vi ha bidratt til minimum 5 rapportar som kommuniserer kva ansvar verksemder tek.
- Når vi hjelper kundar med arrangement, tilrår vi at dei ikkje brukar eingangsprodukt i plast, at dei unngår matsvinn og at arrangementa er mest mogleg miløvenlege.

Mål 3:



Kundar, lokalsamfunn, samarbeidspartnarar, styresmakter og andre interesserantar skal oppleve tillit til selskapet og måten den blir driven på.

- Vi skal kjenne kunden godt, sikre god tone og sjå til at det som blir gjort er i samsvar med strategi.
- Vi skal bruke digitale prosjektstyringsverktøy som gir kunden fortløpende innsyn i prosessar og tidsbruk.
- Vi skal som hovudregel gjere skriftlege avtaler i samsvar med statens standardavtaler. Avtale om oppdrag under NOK 100' kan gjerast enklare.
- Vi skal integrere berekraftsrapportering med årsrapport. Denne skal publiserast på eiga nettside.
- Styreleiar skal vere ein annan enn eigar/dagleg leiar og skal ha kompetanse i styrearbeid og økonomistyring.
- Selskapet skal ha tilsette og underleverandørar som kan dokumentere kunnskap og kompetanse.
- Vi skal vurdere it-tryggleik og personvern årleg. Kompetanse og rutinar skal minimere risiko for angrep som set selskapet og kundane i fare.



Anne Mette Hjelle, 30.6.2022

Anne Mette Hjelle